

Utdannings- og forskingsdepartementet

Postboks 8119 DEP.
0032 Oslo

Fråsegn om Ryssdalsutvalet si innstilling

Vi viser til UFD sitt brev av 30.09.03 der Ryssdalsutvalet si innstilling; "Ny lov om universiteter og høyskoler" vart sendt på høyring med frist 1. feb. 2004. Styret i Høgskulen i Sogn og Fjordane har desse synspunkta på innstillinga.

Generelle kommentarar

Felles lov.

Høgskulen har ikkje spesielle kommentarar til spørsmålet om felles lov for private og offentlege høgere utdanningsinstitusjonar.

Tilknytningsform

Etter HSF si vurdering inngår spørsmålet om tilknytningsform til Staten som ein lekk i spørsmålet om korleis høgere utdanningsinstitusjonar skal styrast. Vi ser det derfor som viktig at desse spørsmåla vert vurdert i samanheng og at spesielt betydningen av UFD sin budsjettmodell ikkje vert undervurdert. Tilhøvet mellom basisløyving og variabel løyving i denne modellen er ein av dei viktigaste faktorane som påverkar framtida til t.d. høgskulane i distrikta.

Styringsideologien i høgere utdanninga har skifta mykje dei siste 15-20 åra frå Hernes sitt Norgesnett til Ryssdalsutvalet sitt framlegg om sjølvveigande høgere utdanningsinstitusjonar som konkurrerer med kvarandre. Dette er på mange måtar ein overgang frå eit sosialdemokratisk planideal med staten som "det vise forsyn" til ein marknadsideologi der konkurransen om studentar og forskingsmidlar står i sentrum.

Høgere utdanning står utvilsamt i ei spenning mellom å vera ein samfunnsinstitusjon som skal dekkja eit vidt spekter av oppgåver som vanskeleg kan marknadsstyrast, samstundes som ein opererer i ein marknad der både studentar og andre brukarar av tenestene våre ynskjer å velja fritt kven dei nyttar ut frå ei vurdering av faglege tilbod og kvalitet.

Høgskulen i Sogn og Fjordane opplever denne spenninga sterkt. Vi skal vera ein samfunnsaktør som deltar i ei rekkje utviklingsaktivitetar i fylket, samstundes som konkurransen med dei store nasjonale utdanningssentra om studentane er beinhard. Hjø oss har overgangen til meir marknadorienterte styringsmodellar ført til ein sterk breiddeekspansjon når det gjeld studietilbod for å halda oppe "marknadsandelen vår". Vi er ikkje overtydd om at dette er ei fagleg og økonomisk robust tilpassing.

Staten si styring av høgere utdanning må balansera kravet om både å vera ein samfunnsaktør og marknadsaktør. Svaret er ikkje eit norgesnett med stram nasjonal planlegging, det vil ikkje gje den handlefridom for fagleg kreativitet og utviklingskraft som er ein føresetnad for å utvikla Norge som eit kompetansesamfunn. Slik sett er ein "marknadsmodell" med stor grad av fagleg fridom betre,

Vår dato
29.01.2004

Vår referanse
03/1264 - 412/04

konkurransen gjer at ein må skjerpa seg. Vi er overtydd om at høgskulen vår ikkje overlever dersom vi ikkje klarar å utvikla ein attraktivitet som kan fungera i ein utdanningsmarknad der det er stor grad av valfridom for studentane.

HSF ser derfor positivt på ei utvikling med større fagleg og organisatorisk fridom som gjev rom for lokal kreativitet og utviklingskraft. Utviklinga dei seinare år har gått i rett retning.

Samstundes skjønar vi at denne type fridom også må tydeleggjera det ansvaret institusjonen og spesielt styret har for eiga utvikling. Vi har ei viss forståing for at dette ansvaret ikkje er tydeleg nok med dagens styringsmodell. Det er lett å lena seg attende og lita på at staten "reddar" ein dersom det vert gjort for dårleg jobb lokalt. Vi er derfor positive til å vurdere ulike styringsmodellar for tilhøvet mellom stat og institusjon der institusjonane sitt ansvar vert gjort tydelegare. For ein sektor som uansett vert meir konkurranseutsett, er det nasjonale argument for å gjera institusjonane sitt ansvar endå klarare for å stimulera til utvikling av fagleg konkurransekraft på høgt nivå.

Det kan også vera ynskjeleg å ha ein organisasjonsmodell som gjer det mogleg for institusjonane å ha handlefridom til å fungera som samordnar/overbygning for ulike aktivitetar lokalt som forskingsstiftingar/samskipnader/kursverksemd etc. Spesielt på mindre studiestadar kan det vera gevinstar å henta ved å sjå desse aktivitetane i samanheng og ikkje ha så fragmenterte organisasjonsmodellar som i dag. Høgskulen må kunna ha ein slags konsern-rolle.

Samstundes er vi ikkje overtydd om at fleirtalstilrådinga i Ryssdalsutvalet er den rette løysinga.

Hovudinnvendingane våre er:

Staten sin rolle som eigar bør vidareførast, forslaget om sjølveigande institusjon bryt med dette hovudprinsippet

Forslaget om institusjonane som sjølveigande stiftingar markerer for sterkt at institusjonane er ein aktør på ein utdanningsmarknad i sterk konkurranse med einannan.

Det verkar noko uklart kva handlefridom staten har til å føra ein nasjonal utdanningspolitikk sett i lys av ein del internasjonale avtalar.

Det foregår ein diskusjon om samarbeid mellom ulike institusjonar med sikte på fusjoneringar av ulike karakter. Denne type drøftingar vert vanskelegare dersom institusjonane får ei svært sjølvstendig organisering.

For ein liten organisasjon fryktar vi at ein modell med svært sjølvstendige institusjonar, kan føra til mykje ressursbruk for å utvikla eigne administrative system/reglar for tilhøve som i dag er regulert gjennom at institusjonane er statlege forvaltningsorgan.

Styret i HSF går derfor mot Ryssdals-utvalet si fleirtalstilråding og rår til at institusjonane held fram som statlege forvaltningsorgan.

Styret ser likevel at det kan vera behov for å vurdere tiltak som gjer institusjonane sitt ansvar for eiga utvikling tydelegare. Men samstundes må dette føresetja klare og forutsigbare rammer frå UFD, både fagleg, økonomisk og organisatorisk, som gjer det mogleg for institusjonane å fungera som samfunnsinstitusjonar. For høgskular i distrikta er det spesielt viktig at vi er sikra ei basisløyving som gjer at ein kan fungera som ein god høgskule sjølv om studenttala kan vera lægre pr. studium enn det som er vanleg i større høgskular.

Leing

HSF sitt styre er delt i synet både på intern leiingsmodell.

Eit fleirtal i styret støttar Ryssdalsutvalet si tilråding om ein einheitleg leiingsmodell med tilsett rektor som øvste leiar og som er sekretær for styret (adm.dir.). Dette betyr også at styret får ekstern styreleiar. Hovudargumenta for ei slik løysing er:

Med innføring av einheitleg leing på lægre nivå i organisasjonen, vert det uheldig med delt leing på institusjonsnivå. Det vil stadig kunna oppstå behov for rolleavklaringar mellom rektor/direktør, og dekan får lett ei dobbeltrolle både som leiar i linja, men også som politisk aktør overfor styret når han/ho rapporterer både til rektor og direktør.

Kvalitetsreforma gjer institusjonen sitt faglege kvalitetsansvaret tydelegare. Med delt leing på institusjonsnivå er det ein fare for at dette ansvaret vert pulverisert. Direktøren sit med det formelle avsvaret for å gjennomføra styret sine vedtak, også når det gjeld faglege vedtak, medan rektor har den faglege legitimiteten som eit slikt arbeid føreset.

Med eit tydelegare og større ansvar for styret, bør styreleiar primært vera styret sin leiar og ikkje også driftsleiar. Det kan bli vanskeleg for styret å kunna drøfta alle spørsmål ope nok dersom styreleiar også har eit fagleg driftsansvar. Spesielt uheldig er det for styret si styring og tilsyn med den faglege aktiviteten som kan bli svekka.

HSF-styret har under punktet om tilknytningsform signalisert at vi ynskjer ein modell med staten som eigar. Dette bør markerast tydeleg og det skjer best ved at styreleiar vert oppnemnd av eigar. Mindretalet sitt framlegg om at institusjonane sjølve kan velja styreleiar er ulogisk dersom staten sin rolle som eigar skal vera markert. Prinsipielt meiner vi også at institusjonane bør ha same styrings- og leiarstruktur på det nivået som rapporterer til UFD (eigar).

Eit mindretal i styret ynskjer at ordninga med vald rektor vert vidareført. Hovudargumenta for eit slikt syn er at vald rektor er med på å sikre tillit og legitimitet innad i organisasjonen. Ved at rektor er styreleiar gir det og tillit utad. 'Einskapleg leing' kan svekke leiinga av ei kunnskapsbedrift i staden for å styrke den. Faren er stor for at anten det faglege eller det administrative vil lide under det, eller begge deler. Det er ei undervurdering av kompleksiteten av kva det vil seie å leia denne type organisasjonar og ei overvurdering av mulighetene til å finne ein person som greier handtere ein slik jobb betre enn to.

Styresamansetjing.

HSF-styret er delt i synet på styret si samansetjing.

Eit fleirtal meiner at ingen gruppering bør ha fleirtal i styret og støttar dermed mindretalet si tilråding.

Hovudargumenta for ei slik løysing er:

Styret sin storleik kan gjerne reduserast i små og mellomstore institusjonar. Studentane bør framleis ha to representantar i styret. I ei kompetanseverksemd bør dei tilsette ha så sterk representasjon i styret at dei kan målbera primæraktiviteten sin betydning og vilkår med tyngde.

Ut frå dette vil ei høvande styresamansetjing t.d. for ein høgskule med HSF sin storleik, vera 4 eksterne medlemmer, 2 studentar og 3 internt valde medlemmer. Rektor blir styret sin sekretær og er ikkje medlem av styret.

Vår dato
29.01.2004Vår referanse
03/1264 - 412/04

Eit mindretal i styret ynskjer eit styre med eksternt fleirtal. Dette mindretalet legg avgjerande vekt på at høgre utdanningsinstitusjonar er samfunns-institusjonar som bør styrast av samfunnet utanfor institusjonen. Dette skjer gjennom oppnemning av eit fleirtal av eksterne medlemmer i styret. Ein føresetnad for dette synet er at dagens ordning med oppnemning av eksterne styremedlemmer vert vidareført. I eit styre med eksternt fleirtal bør også studentane ha to representantar.

Overgangen til ei ordning med eksternt fleirtal bør gå saman med ein gjennomgang og revisjon av styret si rolle. I større grad enn dagens styre, bør dette styret reindyrke rolla som overordna strategisk styringsorgan og overlate avgjerder i reine faglege spørsmål og spørsmål knytte til drifta av institusjonen innafor vedtatte rammer til den interne linjeorganisasjonen under rektors leiing og ansvar."

Gratisprinsippet

Når det gjeld gratisprinsippet ser HSF-styret det som viktig at Lova gjer det klart at høgre utdanning er gratis. Det bør derfor finnast formuleringar som ikkje reiser tvil om kva som er meint. Dette er viktig fordi det også er høve til å driva studietilbod som er eksternt finansiert. Dette kan opna rom for gråsoner, spesielt når det gjeld vidareutdanningar som det truleg vert meir og meir vanleg å tilpassa ei mastergradsutdanning. I dag kan regelverket opplevast som noko uryddig og det er behov for ei klargjering.

Merknader til nokre paragrafar.

§6-3. Ansettelser

Det er ynskjeleg å få vurdert om styret kan delegera tilsetjingar i fagstillingar direkte i linjeorganisasjonen. I svært mange saker er bruken av tilsetjingsutval unødvendig tidkrevande sett i høve til den kvalitetssikring som foregår. Med innføring av meir einheitleg leiing burde det vore mogleg å delegera tilsetjingar på visse vilkår.

§ 9-4, Rektors ansvar og kompetanse, mindretalet

I siste ledd i denne paragrafen vert det opna for tilsett rektor. Det er då føresett at rektor går ut av styret og ikkje lenger er styreleiar. Det kan misforståast når det samstundes i § 9.13, første ledd skal gjerast ei sjølvstendig vurdering av om tilsett rektor skal overta adm.diriktør sine fullmakter. Det bør vera heilt klart at tilsett rektor også medfører at rektor overtar adm. direktør sine fullmakter. Dette er likevel ikkje til hinder for at det i dei fleste institusjonar bør vera ein høgskuledirektør som er administrativ leiar og rapporterer til rektor.

Med helsing

Johs. Thaule
rektor

Hans Jørgen Binningsbø
direktør